Matre-løpar vann Solfjelløpet

28.06.2009

Vegard Årthun Bergane (7) vann det første Solfjelløpet foran Lars Seim (10) frå Røldal. Biletet er teke i den første kneika etter starten i Hauglandkrysset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Unge Vegard Årtun Bergane frå Matre vann det første motbakkeløpet i Uskedalen - Solfjelløpet. Han gjennomførte 4,8 kilometer frå 32 meter over havet i Hauglandkrysset til toppen av Solfjell på 892 meter på tida 45,28. Og det tiltross for at tevlinga gjekk i solsteiken.
Lars Seim frå Røldal vart nest best med 50,01 og på tredjeplassen kom uskedelingen Steinar Haugland med 51,52

Løypa var ikkje utan humor. Denne plakaten var plassert før den første kneika. 300 meter lenger oppe stod det 'Du vart åtvara'. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vegard tok leiinga allereie tidleg i Skogavegen etterat Lars Seim hadde leia frå start. Det var 20 deltakarar i konkurranseklassane.
Av damene var uskedelingen Cathrine Haugland raskast med 58,25 foran Margunn Eik frå Rosendal Turnlag med 1,00,35 og Louise Årthun Bergane frå Matre med 1,07,08.

Unge og eldre hand i hand mot toppen av Solfjell. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I trim- og mosjonsklassa som starta tre timer før 'rasarane' var 46 med.
Sjølv om det var varmt, var det ikkje for varmt, sa fleire av trimmarane til uskedalen.no etterpå. Men den første kneiken opp frå dalen var ein hard påkjenning både for mosjonistar og andre.
Likevel gav mange uttrykk for kor imponerte dei var over at også dei aller yngste nådde toppen utan store problem.

Også løparane i konkurranseklassane måtte over i gangfart i den første kneika. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi er svært godt fornøgd med dette fyrste Solfjelløpet. At 66 var med første gongen er det ingen grunn til å klaga på, seier initiativtakar og gruppeleiar Ole Vidar Monsen til uskedalen.no.
Han har høyrt berre ros både for flott natur, god løpstrase og godt arrangement etter løpet og kan slå fast at ingenting klikka.
Men allereie no er dei inne på å avvikla løpet litt tidlegare, truleg same helga som Aktivitetsdagen. Det er i alle fall ingen tvil om at det vert eit nytt Solfjelløp neste år.

Vegard Årthun Bergane går i mål på toppen av Solfjell. (Foto: Kjell Yri)

Arrangørlaget fekk første napp i ein vandrepokal gjeve av SPAR som går til det beste laget. Ellers var det premie frå sponsorane til dei beste i kvar klasse, pengepremiar til tre beste menn og tre beste kvinner og deltakarmerke til alle.

Cathrine Haugland går i mål. (Foto: Kjell Yri)

Her er resultata frå konkurranseklassa:
M 16-19: 1.
Vegard Årthun Bergane, Matre 45,28

M 20-39:
1. Steinar Haugland, Uskedal 51,52
2. Øyvind Sunde, KKBil 55,24
3. Torstein Monsen, Uskedal 57,07
4. Knut Evjen, KKBil 57,41
5. Kjartan Thoresen, RTL 58,27
6. Åsmund Lilleås, Uskedal 59,30
7. Yngve Myhre, Uskedal 1,02,35
8. 8. Jarle Saghaug, Ternen 1,10,15

M 40-59:
1. Lars Seim, Røldal 50,01
2. Bjørn Egil Haugland, Søral 57,15
3. Magne Heien, Ternen 57,50
4. Terje Ljostveit, RTL 59,10
5. Iver Blokkum, Ternen 1,02,02
6. Anbjørn Høivik, KKBil 1,08,27

M 59-
1. Pål Haugland, Uskedal 1,11,15

K 16-19:
1. Louise Årthun Bergane, Matre 1,07,08

K 20-39:
1. Cathrine Haugland, Uskedal 58,25
2. Margun Eik, RTL 1,00,35

K 59-
1. Astri Haugland, Uskedal 1,20,00



Johanna Yri var eldste mosjonist med sine 83 år. Her når ho målet saman med dottera Helga Yri Hivand. (Foto: Kjell Yri)

Av Ola Matti Mathisen

Vinnaren får premien sin av Ole Vidar Monsen. (Foto: Kjell Yri)